

3 Fellesutgifter - fellesinntekter

Fellesutgifter - fellesinntekter omhandlar fylgjande tenesteområde:

På dette ansvarsområdet blir det ført inntekter og utgifter som er felles for heile kommunen sin organisasjon og som ikkje kan knytast opp mot einssilde einingar eller stab. Døme på dette er:

- Felles personaltiltak / arbeidsmiljø
- Generelle arbeidsmiljøtiltak
- Diverse fellesfunksjonar:
 - Felles IT program, maskinvare og serviceavtaler.
 - Felles datakommunikasjon
 - Telefon og telefax
 - Frankering – porto
 - Kontingent til KS
 - Felles pensjonsutgifter/inntekter - premiefond.
 - Premieavvik blir samla her frå 2011.
 - Løn til lærlingar
 - Løn til hovudtillitsvalde og hovudverneombod
 - Utgifter til bedriftshelseteneste

Drift

	3 FELLEUTGIFTER/FELLESINTEKTER	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
Teneste	Alle tal i heile 1 000	2021	2021	2021	2020
1212	GENERELLE PERSONALPOLITISKE TILTAK	1 434	1 377	1 377	1 057
1215	GENERELLE ARBEIDSMILJØTILTAK	360	418	418	850
1240	DIVERSE FELLESFUNKSJONAR	15 117	10 383	10 578	13 966
1700	ÅRETS PREMIEAVVIK KLP	- 1 503	- 12 939	- 12 939	- 2 846
1701	ÅRETS PREMIEAVVIK SPK	- 562	- 104	- 104	205
1710	AMORTISERT PREMIEAVVIK KLP	8 099	8 714	8 714	7 646
1711	AMORTISERT PREMIEAVVIK SPK	77	455	455	123
1720	PENSJON	150	-	-	175
1730	PREMIEFOND	- 29 511	- 2 853	- 2 853	- 3 992
1800	DIVERSE FELLEUTGIFTER	16	337	337	16
2110	BARNEHAGE	905	211	211	114
2120	GRUNNSKOLE	1 096	236	236	296
2343	KJØKKEN (MAT TIL HEIMEBUANDE)	282	236	236	210
2540	PLEIE, OMSORG, HJELP TIL HEIMEBUANDE	1 703	1 071	1 071	338
2546	GISKE OMSORGSSENTER	1 232	253	253	251

2548	BUFELLESKAP FUNKSJONSHEMMA	1 489	-	-	114
	Sum andre tenester knytt til fordeling av pensjonskosnader	5 695	-	-	-
	Sum gruppeansvar: 3 FELLESGIFTER/FELLESINTEKTER	6 080	7 797	7 992	18 524

Endring i reglane for offentleg tenestepensjon medførte at det vert frigjort betydlige midlar frå oppsparte pensjonsreserver (premiereserver) ved at avsetningskravet til framtidige alderspensjoner er redusert. Desse midlane vart tilført premiefondet. I k.sak 36/21 vart det vedteke å nytte premiefondet til å dekke deler av pensjonskostnadane i 2021. Pensjonskostnadane vert normalt ført på dei øvrige rammeområda, men då dette vil gi ein høg pensjonskostnad og meirforbruk på på tenestene, er avrekninga med kr 12 033 641 av pensjonskostnaden ført på Ramme 3 slik at effekten vert utjamna. Pensjonskostnaden skal imidlertid henførast til tenestene og er i oversikta samla for dei tenestene der det kun pensjonskostnader som er bokført.

Rammeområde 3. Fellesutgifter – fellesinntekter viser eit mindreforbruk på kr 1 717 000.

Meirforbruket skriv seg frå ansvar 1300 Felles drift og dei største avvika finn ein i teneste 1240 Diverse fellesfunksjonar - med eit meirforbruk på 4,7 mill kr. Det er ein auke i utgifter til datakommunikasjon, lisensar og serviceavtalar som ikkje har vore fanga opp ved budsjetteringa. på ca 1,1 mill. kr for kommunen samla. At avviket er større på ramme 3 enn kommunen samla viser at tenesta fortsatt er ein samlepost for utgifter som tidlegare vart fordelt på rammeområda.

Premieavvik vert budsjettert som inntekt – amortiseringa ei utgift, netto utgjorde det ein utgift på 6,1 mill. kr.

Premieavviket i KLP var budsjettert som inntekt med kr 12 938 968 medan det vart kr 1 317 139. Bruk av premiefond vart 25,8 mill. kr, og er 23,3 mill.kr over budsjettet. Begge deler må ein sjå i sammenheng med reduksjonen i pensjonskostnadane som er fordelt på einingane, netto vart det eit samla meirforbruk på 1,7 mill. kr for pensjonskostnadane.

Premieavviket er differansen mellom den berekna pensjons-kostnaden som vert ført i rekneskapen og premien som faktisk er betalt. Den betalte premien vil blant anna avhenge av avkastninga pensjonstilbydaren oppnår på pensjonsmidlane og lønsveksten rekna med utgangspunkt i lønsnivået ved utgangen av året.

Dei øvrige tenestene gjeld stort sett lærlingløn for heile kommunen. Avvika kjem av at den faktiske fordelinga av lærlingane vart ulik den budsjetterte.



Kostrå

Kostrå funksjon		2021	2021	2020	2020	2019	2019
		1532 Giske	Kostragruppe 1	1532 Giske	Kostragruppe 1	1532 Giske	Kostragruppe 10
180 Diverse fellesutgifter	Netto driftsutgifter, beløp per innbygger	2	-116	2	72	3	77
170 Årets premieavvik	Netto driftsutgifter, beløp per innbygger	-240	2 304	-310	-908	-1 519	-1 871
171 Amortisering av tidligere års premieavvik	Netto driftsutgifter, beløp per innbygger	951	1 189	913	1 231	703	772
172 Pensjon	Netto driftsutgifter, beløp per innbygger	29	22	21	4	35	4
173 Premiefond	Netto driftsutgifter, beløp per innbygger	-3 428	-2 041	-469	-556	-621	-881